



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	14.08.2014
Tid:	16:00 – 17:00

Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Margaret Leinebø	Medlem	H
Signe Sævik Monsen	Medlem	H
Frank Otto Kvalsvik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøyr	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V

Forfall:

--	--	--

Varamedlemer som møtte:

--	--	--

Andre:

Assisterande rådmann Olaus Jon Kopperstad

Tilstades var 7 medlemer, fulltallig.

Til å skrive under møteboka vart valt: Signe Sævik Monsen og Frank-Otto Kvalsvik.

underskrifter

Frank-Otto Kvalsvik

Bjørn Otterlei

Signe Sævik Monsen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 29/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 30/14	Protokoll frå førre møte
PS 31/14	Delegerte saker
PS 32/14	Referatsaker
PS 33/14	Veterinærtenesta - tilskot 2015-2019
PS 34/14	Handlingsplan for næringsretta utviklingstiltak 2015. Kompensasjon for arbeidsgjevaravgift.
PS 35/14	Søknad om RDA- midlar. Heid Turløype. 3. byggesteg.
PS 36/14	Søknad om RDA- midlar. Tursti Ura tik tverrfjellet.
PS 37/14	Søknad om RDA. midlar. Fosnavåg Rock.
	Referatsaker:
RS 4/14	Svar på søknad om tilskudd 2014
RS 5/14	Fordeling av kulturmidlar 2014
RS 6/14	Svar på søknad om tilskot 2014

PS 29/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

Lagt fram i møte:

Notat av 01.08.2014 om fordeling av kulturmidlar.

Komiteen ber om at slikt oppsett vert lagt fram for komiteen ført det vert gjort delegert vedtak.

Komiteen tek elles notatet til vitande.

PS 30/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 31/14 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 32/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 33/14 VETERINÆRTENESTA - TILSKOT 2015-2019

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 14.08.2014

For å medverke til å sikre kompetanse og kapasitet i veterinærtenesta for Hareid, Herøy, Sande og Ulstein når kommuneveterinær John Osnes går av med pensjon, vil desse kommunane gi eit driftstilskot til veterinærane som dagleg har teneste på veterinærkontoret.

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Samla driftstilskot for Hareid, Ulstein, Sande og Herøy kommunar vert sett til kr 300 000,-. Herøy kommune sin andel er 25% av samla driftstilskot, totalt kr 75.000,-. Driftstilskotet vert regulert årleg i tråd med endring i konsumprisindeksen, og skal gjelde for 5 år frå 01.01.2015.
2. Stimuleringstilskotet (statleg) som kan bli tildelt etter søknad for kvart år, vert overført direkte til veterinærane. Av administrasjonstilskotet går kr 10 000 til Ulstein kommune som «vertskommune», resten til veterinærane.
3. Ordninga med driftstilskot opphøyrer 31.12.2019 med mindre ikkje vesentlege endringar i driftsvilkår og finansiering kjem til i perioden.

PS 34/14 HANDLINGSPLAN FOR NÆRINGSRETТА UTVIKLINGSTILTAK 2015. KOMPENSASJON FOR ARBEIDSGJEVARAVGIFT.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 14.08.2014

Kommunestyret vedtek handlingsplanen for næringsretta utviklingstiltak 2015, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift i samsvar med vedtak i styret i Herøy Næringsforum 26.06.2014.

PS 35/14 SØKNAD OM RDA- MIDLAR. HEID TURLØYPE. 3. BYGGESTEG.

Møtebehandling:

Frank Otto Kvalsvik reiste habilitetsspørsmål då han er styremedlem i Bergsøy IL. Han går frå under handsaming av habilitet
Han vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, 1. ledd, bokstav e.

Bjørn Otterlei reiste habilitetsspørsmål. Han er med i arbeidsgruppa for dugnad.
Han går frå under handsaming av habilitet.
Han vart samrøystes kjend habil.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 14.08.2014

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 220.000 frå RDA midlane til Bergsøy IL til delfinansiering av Heid tursti, 3. byggesteg, i samsvar med søknad og projektskildring, ref. mål 1.b og 3.b i handlingsplanen.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend

rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2015. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

PS 36/14 SØKNAD OM RDA- MIDLAR. TURSTI URA TIL TVERRFJELLET.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 14.08.2014

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 380.000 frå RDA midlane til tursti frå Ura til Tverrfjellet, i samsvar med søknad og projektskildring, ref. mål 1.b og 3.b i handlingsplanen.

Herøy kommune vil vere med som prosjektgjennomfører/utbygger dersom det er mvafordeler knytta til dette.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2015. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

PS 37/14 SØKNAD OM RDA. MIDLAR. FOSNAVÅG ROCK.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 14.08.2014

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 100.000 frå RDA- midlane til marknadsføring av visitfosnavaag.no i forkant og under Fosnavåg Rock 2014.

Prosjektet gjer HNF til sponsor av Fosnavåg Rock og dekkjer marknadsføringskostnader på inntil kr.100.000,- til rockefestivalen. "Motyttinga" er at visitfosnavaag vert profilert i annonsering, på webside, sosiale medier, Cashless kortet, plakatar og er godt synleg før og under arrangement, ref. mål 1.b og 1.c, 2.a og 2.c.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2015. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

MØTET SLUTT!

**RS 4/14 Svar på søknad om tilskudd 2014 Svar på søknad om tilskudd 2014
05.08.2014 00:00:00 Mulevika 4H v/ Brita P Kvalsivk**

**RS 5/14 Fordeling av kulturmidlar 2014 Fordeling av kulturmidlar 2014 01.08.2014
00:00:00 Erlend Krumsvik**

**RS 6/14 Svar på søknad om tilskot 2014 Svar på søknad om tilskot 2014
05.08.2014 00:00:00 Remøy Juniorlag**